

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 26.09.2018
Vår ref.: 2018/13878-5
Saksbehandlar: ninhoel
Dykkar ref.: «REF»

Att.: Harald Maaland

Fråsegn til høyring av planprogram kommunedelplan for regionsenter Husnes

Vi viser til brev datert 03.09.2018 om planprogram for regionsenteret Husnes. Hovudføremålet med planen er å fremja bymessig utvikling i sentrum. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan, der området er sett av til senterområde, næring og bustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Det er positivt at Kvinnherad kommune vil lage eit planprogram til kommunedelplan for Husnes sentrum. I *Regional plan for attraktive senter* blei Husnes i 2014 utnemnd som regionsenter for Kvinnherad. Husnes ønskjer å satse på å bli ein stad for gåande og syklande i større grad, og å skape møteplassar som kan gi eit levande sentrum.

Generelle planfaglege innspel

Sjølve planen for Regionsenter Husnes er tenkt som ein temaplan heimla i Plan og bygningslova § 11-1. Prosjektet ligg under samfunnsutvikling i kommunen. Problemstillingane som kjem fram i planprogrammet rører både samfunnsplanlegging og arealplanlegging. Dette gjer at vi stiller oss noko spørjande til forma på planen og om temaplan er rett form for planlegging av eit senterområde. I *Regional plan for attraktive senter* rår vi til at ved planlegging av større område, som regionsenter, bør ein bruke områderegulering etter §12-2 i PBL.

Kommuneplanens arealdel for Kvinnherad vart rullert i 2018. Dette er relevant for planlegging av Husnes. Både i fråsegn til høyring av forslag til kommuneplan av 22.02.2017 og i uttale (ang trekking av motsegn) av 16.03.2018 gav vi tilbakemelding om at Husnes bør ha krav om områderegulering for sentrum, der ein gjennom arbeidet kan fastsette utstrekninga av sentrumsområdet. *Regional plan for attraktive senter* har i retningsline 2.3 føringar for sentrumsutstrekning. Dette er viktig for å kunne følgje opp regional planføresegn for handel.

Regulering av sentrum gjennom områdeplanlegging vil vere føremålstenleg og gi ein vinn-vinn situasjon for både private og offentlege organ. Gjennom ein overordna plan for heile sentrumsområdet skapast ein føreseieleg situasjon som grunnlag for private investeringar. Planleggingskostnader i form av tid og ressursar blir kommunens ansvar. Private utbyggjarar kan konsentrere seg om sitt prosjekt og dermed raskare komme frå initiativ til gjennomføring. Ein unngår både tidstyvar og tidstap dersom prosjekta er i samsvar med overordna reguleringsplan. Det må vere enkelt for utbyggjarar å gjennomføre prosjekt i sentrum slik at ikkje sentrumsfunksjonar blir spreidd over store avstandar.

Regionale føringer

Følgjande regionale planer vil vere særleg retningsgivande for den vidare prosessen med utviklinga av Husnes:

- I *Regional Transportplan Hordaland 2013 – 2024* (RTP) er det eit mål å endre reisemiddelfordelinga i tråd med nasjonale føringar. For Bergensområdet er målet å redusere reiser med privatbil frå 64 % til 56 % av alle turar. Kollektivtransporten skal auke frå 12 % til 16 %, og sykkel frå 3 % til 8 %. Skal desse måla nås må det leggjast til rette for det leggjast til rette for bærekraftige transportsystem som bidreg til reduksjon av biltrafikken.
- *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* gir føringar for korleis ein kan skape attraktive sentrumsområder i Hordaland. Ein av strategiane er å styrke arealplanlegginga i sentrumsområde gjennom kommunale områdeplaner.
- «*Kollektivstrategi for Hordaland*» gir eit fagleg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar innan kollektivtilbodet. Strategiane er eit viktig bidrag i arbeidet med kommunale planer og utgreiingar
- *Regional plan for folkehelse* har som mål å jamne ut sosiale helseskilnader ved å rette fokus på faktorane som verkar inn på helsa. Planlegginga av regionsentre har ei særleg rolle i det å legge til rette for at helsefremmande fysiske tilhøve, tilgang til tenester og brei deltaking i samfunnet vert sikra.
- *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Heile spekteret i kulturomgrepet må verte integret i arbeid med regionsenterutvikling: Museum, kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon, kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
- *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 2012-2016*. Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsaktørane.

Sentrumsutvikling, bustad og landskap

Husnes har eit godt utgangspunkt for å utviklast som eit levande sentrum med regionale funksjonar. I tillegg til si sentrale plassering i kommunen er Husnes eit attraktivt, fjordnært landskap.

Planavgrensning

Etter det vi forstår definerer kommunen sentrumsutstrekninga til å vere samanfallande med utstrekninga av sentrumsføremålet. For regionsenteret Husnes dekkjer dette er relativt stort område og større enn det som vil vere det naturlege sentrumsområdet.

Jamfør senterplanen er *sentrumsområdet* i hovudsak det gangbare arealet senterfunksjonane er lokalisert innanfor. Kva som er gangbart må tilpassast lokale tilhøve, men 1 km er eit ofte nytta som utgangspunkt, avhengig av gangnett, terreng, urbane kvalitetar og attraktivitet for gåande. Det kan vere nyttig å gjere nokre enkle volumberekningar av det faktiske potensiale for vekst innanfor sentrumsutstrekninga som er skissert og halde dette opp mot ønska folketals- og næringsutvikling i Husnes.

Sentrum bør framstå som attraktivt før ein legg til rette for bustader. Med eit attraktivt sentrum vil fleire ønskje å bu sentralt og se fordelene med dette. I bustadbygging må ein sjå mangfaldet og satse på bustadbygging også for familiar. Her er ikkje blokker rett typologi, men kanskje heller rekkehus/townhouses/ rekkehus med eigne hageflekkar og større samla grøntområde.

Sentrumsutvikling og offentlege rom

Områderegulering er ein god sjanse til å skape eit levande og urbant senter der dei mjuke trafikantane og gatelivet står i sentrum. For å løfte sentrumsområdet frå ein stad der biltrafikken har vore styrande, til å bli eit urbant trekkplaster for heile regionen, treng ein å utvikle sjølve byromsstrukturen på Husnes til eit finmaska hierarki av gater og rom av høg bymessig kvalitet. Eit viktig grep er å planlegge for mest mogleg bilfri kommunikasjon, der kollektiv, sykkel og gange er i fokus. Utviklinga av levande og attraktive sentrum er eit langsiktig arbeid, men det er heilt grunnleggande at vert stilt krav til planløysering i byrommet som gjer

det til ein triveleg stad å bu, arbeide, ferdast og opphalde seg. Det må difor gjerast bevisste val knytt til bruk av gateareal, park og uteområde.

Husnes kommune har satt i gang opprusting av ei hovudgate i sentrum som eit viktig startskot for denne prosessen. Vi vil rå til at ein let utarbeida ein heilskapleg gatebruksplan med kvalitetskrav til alle tiltak i byromma i samband med områdeplanen. Gatebruksplanen bør vise hovudgater, sidegater, smale og breie fortau, små og store plassar, fotgjengar,- og sykkelstruktur, kjøremønster, trafikk og parkering, handtering av varelevering og avfall, blå og grøn struktur, biomangfald og handtering av overvatn. I tillegg til planteikningar i egna målestokk, bør gatebruksplanen innehalde typiske snitt, eventuelt detaljer og materialprøver, samt føringar for kunst i offentlege rom, gateromsmøblering, beplantning og belysning. Planen bør stille tydelege krav til ønska kvalitetar i byromma, og gi innspel til korleis fasadar kan utformast slik at dei støtter opp under den urbane funksjonen og identiteten ein ønskjer at Husnes skal ha. Særleg gjeld dette første etasje på alle bygg i sentrale byrom, som ein med fordel kan utforme slik at dei kan nyttast både til bustad og til næring. Gatebruksplanen kan leggest til grunn for rekkefølgeføresegner og utbyggingsavtaler.

Møteplassar og aktivitet på Husnes

Det å bruke byromma aktivt til ulik type kulturaktivitet for å skape liv og opplevingar kan vere eit effektivt reiskap for å snu ei negativ utvikling og styrke identiteten og attraksjonen i sentrum. Det finst og mange eksempel på at kulturdrevne byutviklingstiltak kan utvikle seg til meir permanente aktivitetar og næringsutvikling. Vi vil også rå til at ein vurderer å bruke temporære fysiske tiltak i sentrum, der ein kan prøve ut ny bruk av dei ulike byromma, for eksempel som ein del av ein lokal medverknadsprosess. Dette vil både bidra til å sette Husnes på agendaen hos folk flest og til å forankre sentrumsutviklinga ikkje berre lokalt, men i heile kommunen. Det finst mykje gode døme på kulturdreven byutvikling og temporære tiltak. Ta gjerne kontakt for å få råd og innspel. I år fekk kommunen tilslag på søknad om å laga moglegheitsstudie på ein møteplass mellom kulturhuset og biblioteket i Husnes. Dette er positivt.

Handelsareal

Regional plan for attraktive senter i Hordaland (Senterplanen) legg til rette for utvikling av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Eit godt handelstilbod er ein sentral del i det å skape levande senter. I følge Senterplanen er det berre tillat med nytt bruksareal for handel i utpeika senter etter senterstrukturen fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter. Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.

Ved handel på meir enn 3.000 m² skal du søke om samtykke frå fylkeskommunen. For å søke om samtykke er det krav om ein handelsanalyse som skal vise om den nye handelsverksemda ligg i eit utpeika senterområde, og om den er passe stor i høve til folketalet i omlandet.

Kommunen skriv i planprogrammet at storparten av handelen er lokalisert i sentrum. Det er viktig at Husnes klarer å halde på dette. Gjennom å inkludere planlegging og premiss for handelsareal i planarbeidet frå start kan ein sikre dette på best mogleg måte. Fylkeskommunen bidreg gjerne med råd og innspel.

Samferdsel

I planprogrammet er det mellom anna lagt vekt på korleis miljøvenlege reisealternativ kan ta ein større del av reisen i sentrumsområdet. Eit slikt fokus er viktig for å etablere eit regionsenter med meir urbane kvalitetar og i det vidare arbeidet må kommunen følgje opp med løysingar som er utforma på dei mjuke trafikantar sine premissar. Fordelen med ein områdeplan at dei trafikale løysingane vert sett i ein samanheng og vurdert heilskapleg.

I planprogrammet kjem det fram at Husnes i dag er prega av mykje bilkøying, og det er skissert opp ei rekke aktuelle problemstillingar på s 11. Mellom anna vert det stilt spørsmål til korleis ein kan få fleire til gå,

sykle eller nytte kollektiv. Det er viktige problemstillingar som vert trekt fram, men vi saknar og eit større fokus på kva verkemiddel kommunen kan nytte for å redusere bilbruk. Då må det vurderast tiltak som gjer bilen mindre attraktiv og andre transportformer meir attraktive.

Bruk av bil til regionsenteret Husnes heng saman med kva parkeringspolitikk som er gjeldande. Skal kommunen lukkast med å få fleire til å nytte andre reisealternativ enn bil, bør det og vurderast bilrestriktive tiltak. God parkeringsdekning som er gratis vil gi bilen eit konkurransefortrinn som gjer det enkelt å velje bil sjølv på korte strekningar. Fylkeskommunen vil difor oppmode kommunen om å ha eit særleg fokus på kva parkeringspolitikk som skal gjelde i sentrumsområdet på Husnes. Erfaringar frå andre byer og tettstader har vist at både parkeringsavgift og innføring av korttidsparkeringsplasser bidreg til auka sirkulasjon av besøkande som kjem i bil og betre utnytting av dei mest konkurranseutsette plassane. Private parkeringsplasser knytt til bustader kan redusereast, mens det samstundes vert reservert plasser til delebiler. Tal frå Transportøkonomisk Institutt viser at ein andelsbil kan erstatte mellom 5 – 15 privateide biler og at medlemmene køyrer ca 30 % mindre bil enn dei som har eigen bil. I Bergen er det eksemplar på nye bustadprosjekt der parkeringsplasser til privatbiler er redusert, samstundes som det er reservert plasser til biler i Bildeleringen.

Vidare må det etablerast attraktive og samanhengande ruter for mjuke trafikantar inn til sentrumsområdet, og dei må kunne sette frå seg sykkelen på en trygg stad. Det er positivt at kommunen set i gang mogleighetsstudie for gang- og sykkelveg i og rundt Husnes sentrum, samt mogleighetsstudie for trafikkknutepunkt. Etablering av miljøgate vil bidra til å redusere fart og sikre tilhøva for dei som går og sykler. Statens vegvesen anbefalar ein fartsgrense på 30 eller 40 km/t i miljøgater. Tilkomst og effektive ferdselsårar for mjuke trafikantar kan med fordel prioriterast framfor tilkomst for privatbilar. Det bør lønne seg å gå eller sykle framfor å nytte bil. Fylkeskommunen er i utgangspunktet positiv til å etablere ei miljøgate gjennom sentrum, men vi vil presisere at omsynet til kollektivtransport må vere ivareteke og ikkje medføre redusert framkome for bussar og auka reisetid for passasjerane. Når det gjeld utforming av ny kollektivterminal og andre infrastrukturtiltak for kollektiv må dette skje i dialog med Skyss/HFK.

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane skal desse ressursane gje varig grunnlag for kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet for nolevande og framtidige generasjonar. Kulturminne og kulturmiljø knytt til lokal samfunnsutvikling er ei kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2015). Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing.

Planar på offentleg høyring som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne, kan verte returnert. Ved offentleg ettersyn må planen ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt eller regionalt viktige kulturminne på land og i sjø/vatn.

Dersom planen er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Planprogram

Det er positivt at Kvinnherad kommune har teke initiativ til å utarbeide kommunedelplan for regionsenter Husnes. Fylkeskommunen kan likevel ikkje sjå at planprogrammet tek opp kulturminne som eige tema eller nemner det i det vidare planarbeidet. Ein berekraftig kulturminneforvaltning er avhengig av at kommunane

prioriterar dette tilstrekkeleg høgt. Erfaringsvis vil kulturminne av regional og nasjonal karakter vere ein ressurs for lokalsamfunnet om ein gjer dei kjent og tilgjengeleg, både gjennom informasjon i kart og arkiv, men òg i eit utval av fysisk tilrettelagde kulturminne. Det er avgjerande at viktige kulturminne og kulturmiljø skildrast, og kva tiltak som kan nyttast for å ivareta kulturminna på best mogleg måte.

Det vil vere ein stor føremon at planproduktet, særleg plankart, føresegner og retningslinjer, er ryddige, slik at det er minst mogleg konflikt med kulturminneinteressene. Kommunen bør bruke dei databasane og kjeldene som er tilgjengelege som gjeld kulturminneinteressene som grunnlag for arealdisponering.

Regionale føringar

Her vil vi minne om at regional kulturplan (*Premiss kultur: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*) ut frå plan- og bygningslova skal «legges til grunn for regionale organers virksomhet i regionen». I samsvar med plan- og bygningslova omfattar planen heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemd som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Den regionale kulturplanen er såleis ein viktig premis i den kommunale planlegginga.

Andre kommunale planar

Alle kulturminne vert forvalta lokalt. God forvaltning krev kunnskap om kulturminna og lokalhistoria, og om kva som må til for å ta vare på desse verdiane for framtidige generasjonar. Kulturminneplanen er ein viktig reiskap for den kommunale forvaltninga av kulturminna.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å vurdere å bruke områdeplan som form for planen vidare, då planen i stor grad omhandlar arealplanlegging av senterområde. Sjølve sentrumsutstrekninga kan med føremon konsentrerast for å få eit kompakt og levande senter. Det må gjerast bevisste val knytt til bruk av gateareal, park og uteområde for å oppnå planløyser i byrommet som gjer det til ein triveleg stad å bu, arbeide, ferdast og opphalde seg. Når sentrum framstår som ein attraktiv plass å bu, vil det vere naturleg å få inn fleire sentrale bustader – då gjerne med fokus på mangfald og barnefamiljar. Å løfte dei mjuke trafikantane er ein god strategi for å skape eit urbant senter. Vi rår til å utarbeide ein heilskapleg gatebruksplan med kvalitetskrav til alle byromma.

Kommunen bør også inkludere planlegging og premis for handelsareal i planarbeidet. Eit godt handelstilbod er ein sentral del i det å skape levande senter, og handelsverksemd skal vere dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.

Som trafikkavbøtande tiltak nemner vi å kutte ned på tal på parkeringsplassar i sentrum. Vidare må det etablerast attraktive og samanhengande ruter for mjuke trafikantar inn til sentrumsområdet, og dei må kunne sette frå seg sykkelen på en trygg stad.

Kommunen bør skildre kulturminne og kulturmiljø på ein god måte, som også kan vere ein ressurs for lokalsamfunnet.

Hordaland fylkeskommune ønskjer tett kontakt med kommunen i arbeidet med planen vidare, og er open for at det vert tatt kontakt underveis i planprosessen. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Nina Gjester Hoel
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Nina Gjester Hoel, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA
Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen - SAMFERDSELSAVDELINGA
Øystein Monsen, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND
STATENS VEGVESEN